



Siv. ing. Vidar Mjøs
Søre Renen 17
5099 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hugo Morken, 5557 2117

Alver kommune – gnr 427 bnr 12 – klage på avvising av søknad

Vi viser til din e-post av 04.02.2022, vedlagt diverse e-post-korrespondanse mellom deg og høvesvis tidlegare Radøy kommune, og noverande Alver kommune.

Vidare viser vi til vårt vedtak av 04.02.2022 der vi stadfesta Alver kommune sitt vedtak av 01.12.2020 i sak nr. 1293/20. Saka gjaldt klage på kommunen si avvising av din søknad på vegne av Fløholmen AS om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, og rammeløyve til utlegging av flytebrygge på eigedomen gnr. 427 bnr. 12 i Alver kommune.

Vi vil vise til at Statsforvaltaren etter delegasjon frå Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans over kommunale vedtak etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd.

Ein klage skal likevel etter forvaltningslova § 32 første ledd bokstav a sendast til kommunen, som så skal førebu klagesaka i samsvar med føresegna i forvaltningslova § 33. Korleis kommunane vel å organisere si saksbehandling etter § 33 er ei intern sak for kommunen.

Dersom kommunen ikkje gjer nytt vedtak i saka etter forvaltningslova § 33, så skal klagen sendast til Statsforvaltaren for klagebehandling.

Ved det nemnde vedtaket har vi som klageinstans behandla klagen din over kommunen sitt vedtak. Vi viser til vedtaket.

Ut over dette har vi ingen merknader til korrespondansen mellom deg og kommunen. Vi viser likevel til at klagesaka gjaldt avvising av ein søknad som var mangelfull. Som det avslutningsvis er gjort greie for i vedtaket, er ikkje vedtaket til hinder for at det kan sendast inn ein ny fullstendig søknad om det same tiltaket. Søknaden må i tilfelle sendast til kommunen som lokal plan- og bygningsstyresmakt.



Med helsing

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG